

# HARDANGER I LENDRING

INFORMASJONSMAGASIN FOR JONDAL

## Ny storkommune? Viktig val

HUGS  
FOLKERØYSTING  
23. MAI



Ordfører i Kvam, Jostein Ljones (Sp)



Ordførarane Roald Aga Haug (Ap), Solfrid Borge (Sp),  
Jon Larsgard (Sp), frå Odda, Jondal og Ullensvang



Silje-Margrete Fjærtøft, Aurora Oppedal Sandven,  
Mathilde Eide frå Jondal.



Gruppeleiar for Ap i Jondal  
Olav-Magnus Hammer



Varaordføraren i Jondal,  
Reidun Haugen Dalseth.



## KOMMUNEREFORMA

Kommunereforma vart varsla ved førre regjeringsskifte. Den har ikkje berre vore positivt mottatte. På den andre sida er det klart at mange av dagens små kommunar er for små til å ha eit godt nok tenestetilbod, no og i framtida. Den auka bruken av interkommunale samarbeid kan og sjåast på som eit demokratisk problem. Då regjeringa la fram forslag til nytt inntektssystem for kommunane vart det tydeleg at mange kommunar vil få dårlegare økonomi av å stå åleine. Det nye inntektssystemet er til fordel for bykommunar over 30.000 innbyggjarar, samt små kommunar med lang reiseavstand til ein folke-konsentrasjon over 5.000 menneske.

Den siste perioden har det vore drøftingar i dei aller fleste norske kommunane om kva ein skal gjere. I Hardanger har det vore mange drøftingar og ein har kome fram til intensjonsavtaler. Meinjingane er mange om kva ein bør gjere. No vert det folkeavrøysting 23.mai. Det skal gjennomførast mange folkemøter om saka.

### Nytt røysteretten!

Dette informasjons magasinet er gjeve ut av kommunane, for å sikra at du som lesar kan få innsyn i saka. Ikkje minst er det målet at denne publikasjonen vil få deg ut av stolen for å røysta 23.mai. Alle som fyller 16 år i år kan røysta. Folkeavrøystinga er rådgjevande. Til sjuande og sist er det kommunestyret og heradsstyret som må fatta vedtak. Jo større oppslutnad ved valet, jo betre grunnlag får dine lokale politikarar til å fatta eit vedtak.

Grunna plasssyn er det ikkje mogeleg å kome med all relevant informasjon i dette magasinet. Vi vonar at magasinet kan vere til inspirasjon for deg, til å lesa meir om kommunereforma, dei ulike intensjonsavtalane, delta på folkemøte og drøfta saka med familie og vener.

Då er det berre å seia: Godt vall!

## MEIR INFORMASJON

Du finn meir informasjon om kommunereforma på herada og kommunanes heimesider. Her ligg alle relevante dokument om saka. Ta deg spesielt tid til å setja deg inn i dei ulike intensjonsavtalane.

### Du finn heimesidene her:

Ullensvang.herad.no  
Granvin.kommune.no  
Ulvik.kommune.no  
Eidfjord.kommune.no  
Odda.kommune.no  
Jondal.kommune.no  
Kvam.kommune.no  
Voss.kommune.no



## Sponheim med tru på større kommunar i Hardanger

Fylkesmann Lars Sponheim var svært direkte då han møtte alle formannskapa frå dei sju Hardanger-kommunane på Hardingtinget i Norheimsund i februar. Han var tydeleg på at han helst såg at det vert skipa ein eller fleire nye kommunar i Hardanger.

Sponheim spådde ei økonomisk krasjlanding for Noreg i løpet av kort tid, dersom ein ikkje omstiller seg. Han sa at Noreg står føre store omstillingsprosessar på bakgrunn av nedkjølinga av olje- og gassøkonomien, eldrebølgja og aukande arbeidsløyse som eit bakteppe.

### Noreg har ikkje råd til mange kommunar

-Vi har ikkje råd til å ha så mange fylkesmenn som meg i framtida! Vi har ikkje råd til å ha så mange kommunar og fylke i framtida heller, dersom vi skal ta vare på det beste av det vi har i Noreg. Vi er berre fem millionar nordmenn i dette landet, men vi har organisert oss som om vi er 50 millionar, sa ein engasjert Fylkesmann til dei frammøtte frå Hardanger-kommunane.

### Absolutt frist 1. juli

Han streka under at den absolutte fristen for å fatta eit vedtak om samanslåing er sett til 1. juli 2016. Dei som etter denne datoen framleis er såkalla friviljug åleine som liten kommune, misser då inntekts-amnestiet på 15 pluss 5 år og vert ein del av det ordinære inntektssystemet for kommunane som Stortinget vedtek primo juni 2016 med verknad frå 2017. Dei som derimot har eit vedtak på å slå seg saman med minst ein annan kommune, vert sikra kommuneinntekter som no i 15 år pluss ein nedtrappingsperiode på 5 år.

### Økonomisk gulrot og pisk

Dei som ikkje har fatta samanslåingsvedtak innan fristen, misser denne økonomiske gulrota. Det vert nytta både økonomisk gulrot og pisk i arbeidet med kommunereforma: Sidan kommunane sitt inntektssystem ikkje er vedteken enno, så er det vanskeleg å seia kor mykje friviljuge, små kommunar som fortsatt vil halda fram åleine, kan tapa i inntekter. I verste fall kan det vera snakk om svære beløp, sidan både det å vera ein liten kommune ikkje lenger vert kompensert. Vidare vert det endringar i ordningar som basistilskotet til alle kommunar, som no gjev 13,2 millionar kroner årleg anten ein heiter Granvin eller Oslo. Truleg vert dette jamna mykje meir ut, slik at dei kommunar med lite folketal får mindre av basistilskotet og dei med større innbyggartal får relativt meir. Det vert og gjeve reformstønad på fem millionar kroner dersom to kommunar slår seg saman – med opptrapping. til 20 mill dersom det til dømes som Hardanger er mindre enn 30.000 innbyggjarar. I tillegg vil samanslegne kommunar få dekkede eingongskostnader frå 20 mill og oppover avhengig av antal kommunar og folketal – til dømes 40 mill for 4 kommunar med mindre enn 20.000 innbyggjarar.

### Eingangskostnader

Kommunar som slår seg saman får dekkede eingangskostnader etter ein standardisert modell. Basert på utbetalingane i dei siste samanslåingsprosessane er 20 mill. kroner sett som eit grunnbeløp per samanslåing, og vert differensiert etter antal kommunar og antal innbyggjarar i samanslåinga. Beløpet vert utbetalt når nasjonale vedtak om samanslåing er gjort.

ANSVARLEG UTGJEVAR: Ordførarane i kommunane  
MAGASINET ER LAGA AV: Lekve Kommunikasjon og RAM Reklame as.  
Tekst og foto; Jørn Lekve. Grafisk produksjon Sigrun A. Strømberg.  
TRYKK: HBO AS Haugesund  
OPPLAG: Alle husstandar i kommunane

# AVTALEN MELLOM

Jondal, Odda og Ullensvang

Heile intensjonsavtalen finn du på Jondal, Odda og Ullensvang kommune/herad sine heimesider.

Intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane og herad slår fast at namnet på den nye kommunen vert Ullensvang kommune, og ikkje herad.

Administrasjonssenteret vert i Odda, men både heradshuset i Kinsarvik og kommunehuset i Jondal skal nyttast til kommunal tenesteyting. Prinsippet ved avtalen mellom Jondal, Odda og Ullensvang er det same som med avtalen Jondal har med Kvam. Prosessen skal vere prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad.

### Inga oppseiingar

Tilsette i kommunane skal ikkje bli sagt opp som følgje av prosessen Eventuelle overtallige skal få tilbod om nye oppgåver i den nye kommunen. Den nye kommunen skal vere ein attraktiv og utviklande arbeidsplass.

Kommunestyret i den nye kommu-

nen skal ha 33 representantar, med eit formannskap på ni medlemmer. Kommunevåpenet skal ta utgangspunkt i Ullensvang herad sitt kommunevåpen, og målføret til den nye kommunen vert nynorsk.

### Skuler og barnehagar som no

Administrasjon for tekniske tenester, landbruk, og skogbruk skal vere lokalisert i Ullensvang. Felles plankontor skal vera lokalisert i Jondal. Næring og samfunnsutvikling skal vere samlokalisert i Odda, der og kommuneadministrasjon skal vera. Brann og redning skal vere lokalisert i Odda med desentralisert brannstasjonar i Jondal, Ullensvang aust og vest, og Røldal. Skule og barnehagetilbodet skal ikkje endrast som følgje av ein

kommunesamanslåing. Dette inneber at det fortsatt skal vere 1–10. skule i Jondal.

### Helse og omsorg

Odda vert utgangspunktet for eit felles administrativt helse- og omsorgssenter for den nye kommunen som skal innehalda legevakt, legevaktsentral, ØH senger, helsestasjon, fysioterapi, psykolog og jordmor. Pleie- og omsorgstenesta skal vera desentralisert med sjukeheimar i Kinsarvik, Jondal, Utne, Odda og Røldal. Sjukeheimen i Kinsarvik og Jondal skal i framtida ha funksjon som eit helse- og omsorgssenter med omsorgstenester, legeteneste, fysioterapi, helsestasjon, med meir.

## -Vi passar best saman med Odda

-Eg er ikkje noko politisk aktiv, men personleg meiner eg at Jondal passar best saman med Odda. Difor går eg for det alternativet, seier dagleg leiar for Jondal Bygg AS, betre kjent som Byggern, Marianne Eide.

Ho seier at Kvam tidlegare nok var nærare for Jondal, men etter at kommunikasjonane har vorte endra, så opplever ho at Odda no er mykje nærare. -Det er kortare veg til Odda. Eg meiner at dersom det vert samanslåing så er det mest tenleg for oss i Jondal å venda oss mot Odda når vi skal oppsøke kommunale tenester. Vi i Byggern har og eit større kundegrnlag mot Odda enn mot Kvam, så det og tel med i mi vurdering, seier Marianne Eide.



## -Ullensvang må gå samla mot syd

Fruktdyrkar og biolog Kjetil Lerfall som driv Torsteinet fruktgard på Alvsåker i Ullensvang meiner at heradet må gå samla inn i ein ny kommune.

-Det vil vere svært uheldig for oss om heradet skulle bli delt. For fruktneringa si del er det viktig at vi fortsatt er ein stor slagkraftig fruktkommune. Eg er ikkje i tvil om at den beste løysinga for Ullensvang er å gå samla mot syd. Vi passar godt saman med Odda og Jondal. Ein ny kommune av desse tre vert ein mykje meir slagkraftig kommune, der vi får eit sterkt Indre Hardanger. Vi utfyller kvar-

andre bra. Avstanden inn til administrasjonssentre vil også bli grei frå alle deler av ein ny kommune i Sør.

For fruktneringa si del vil vi fortsatt være den største fruktkommunen i landet. No voner eg at folk i Ullensvang set seg inn i kommunereforma og at dei røyster 23.mai, seier Kjetil Lerfall.



Dei tre engasjerte ungdomsrådsrepresentantane frå Odda er heilt samstemde i at dei klart er for ein ny kommune, tufta på samanslåing av Ullensvang, Odda og Jondal. -Desse tre kommunane høyrer naturleg saman. Vi kan ikkje sjå nokre argument mot ein slik ny eining, seier Synne Mæland (16), Vetle Grønsdal (17) og Joakim Svenning (21).



Dei har sett seg godt inn i kommunereforma. Dei er nøgde med informasjonen frå kommunen, men har ulikt syn på kva vegval Jondal må ta. Aurora Oppedal Sandven (16), Mathilde Eide (16) og Silje-Margrethe Fjærtøft (18) representerer i så måte dei ulike alternativa folk får ved røystinga 23. mai. Silje-Margrethe vil røyste på 0-alternativet som er at Jondal held fram som no. Aurora kjem til å røyste for samanslåing med Odda og Ullensvang, medan Mathilde ikkje har teke endeleg standpunkt endå, men er uansett for samanslåing.



## Odda-ungdomen er for samanslåing

Dei tre har satt seg godt inn i intensjonsavtalen mellom Odda, Ullensvang og Jondal. Dei meiner at det er eit godt dokument, for alle parter.

### Bra at 16-åringar får røyste

-Vi har og vore på informasjonsmøte og ikkje minst så hadde vi eit langt og svært godt møte med ordføreren i Odda, som svarte på alle spørsmåla vi hadde. Vi er spesielt glade for vedtaket om at alle 16-åringane får si kva dei meiner i folkeavrøystinga. Det var eit godt vedtak, det er jo dei unge som er framtida for den nye kommunen, seier Synne Mæland. Ho er busett på Skare, går på Odda Ungdomsskule og arbeider deltid på Grillen i Odda, nå ho ikkje syng på fritida. Vetle Grønsdal går på Odda Vidaregåande skule. Han og er frå Skare og spelar hardingfele aktivt. Difor meiner han at kommunevåpenet burde vore inspirert av Granvin sitt våpen, ei hardingfele.

### Nytt namn; Indre Hardanger kommune

-Ei hardingfele hadde passa betre. Vidare meiner eg at det er feil at den nye kommunen skal heita Ullensvang. Det er ikkje noko i vegen med det namnet, det er fint det, men dersom det no vert skapt ein ny kommune, så meiner eg at ein også burde ha kome opp med eitt heilt nytt namn, seier Vetle. -Kva med Indre Hardanger kom-

mune, skyt Joakim inn og får raskt støtte frå Synne.

-Ja skriv det! Det må vere betre, oppmodar dei tre.

Dei er raske med å leggje til at dei og godt kan leva med Ullensvang som nytt kommunenamn:

-Namnet er ikkje det viktigaste her. Odda kjem fortsatt til å vera Odda, uansett kva kommunen heitar. Det viktigaste er at vi kan få en større og meir robust kommune, seier dei, nesten som i kor.

### Heile Hardanger hadde vore beste løysinga

Synne Mæland, Vetle Grønsdal og Joakim Svenning sit alle i styret for Odda Ungdomsråd. Synne er dessutan nestleiar. Ingen av dei er politisk aktive, men dei er oppteken av samfunnsutviklinga og meiner at den beste løysinga for Odda vil vera å gå inn i ein større kommune, tufta på to grannar som står oddingane nært.

-Jondal har kome mykje nærare dei seinare åra. Og mange ungdommar frå Ullensvang er jo her dagleg, på skule, på jobb, og mange er her om kveldane og helgane og. Så eg kan ikkje sjå kvifor Ullensvang skulle ven-

da seg nordover, når det er her dei høyrer heime, understrekar Synne Mæland, og får raskt støtte frå dei andre. Undervegs i samtalen kjem det fram at dei likevel meiner at ein ny storkommune i Indre Hardanger, etter deira mening, berre er nest beste løysinga.

-Vi meiner det er leitt at ikkje alle dei sju kommunane i Hardanger klarte å gå saman til ein. Det trur vi hadde vore det beste løysinga på lang sikt, seier dei tre.

### Topp å vera ungdom i Odda

Dei er nøgde med situasjonen i dag, og er tydelege på at det er svært bra å vera ungdom i Odda, slik kommunen er no.

-Her er det heilt topp! Men dersom vi vert større, så trur eg at det kan verta endå betre. Då kan aktivitetstilbodet aukast, vi kjem tettare på kvarandre og vi meiner at ungdommen i Jondal, Ullensvang og Odda naturleg høyrer saman, seier Joakim, noko Synne og Vetle raskt sluttar seg til.

Dei tre er soleis ikkje i tvil om kva dei vil røyste måndag 23. mai: Ja til ein samanslåing med Jondal og Ullensvang.

*Supert at 16-åringar får røyste*

*Vil ha heilt nytt namn på kommunen: Indre Hardanger kommune*

*Vil helst ha heile Hardanger saman*

## Jondal-ungdomen med ulike vegval

-Eg meiner at det inneber for stor økonomisk risiko for Jondal å halde fram som no. Vi er ein svært liten kommune og kan tape mykje inntekter dersom vi framleis vert ein sjølvforskyldt, liten kommune. Då kan vi og bli diktert inn i ein ny kommune i framtida. Difor trur eg det er betre å velja sjølve. Eg har ikkje teke noko avgjerd endå, men heller vel mest mot Odda og Ullensvang, sjølv om eg og ser mykje positivt i Kvam-alternativet, seier Mathilde Eide.

### Set pris på Jondal

Til liks med Aurora Oppedal Sandven går hu på skulen i Jondal. Aurora bur i sentrum, medan Mathilde bur i Sætveithagen. Silje-Margrethe Fjærtøft som er to år eldre, går siste året på gymnaset i Øystese. Hu bur i Krossdalen og arbeider deltid i Spar-butikken. Alle tre likar seg svært godt i Jondal og ønskjer at kommunen skal vere ein god plass å bu og arbeida i, også i åra som kjem. I så måte er dei alle gode ambassadørar for bygda.

### -Viktig å røyste!

Dei tre er alle medlemmar i Jondal Ungdomsråd, der Silje-Margrethe er leiar. Dei er glade for at alle 16-åringane får røyste.

- Kommunereforma er ein svært viktig sak for Jondal. Derfor er det så bra at røystalderen er sett ned og at det er gjeve så mykje god informasjon om dei ulike alternativa. Det er lett å orientere seg på kommunens heimesider. Der har dei gjort ein god jobb. Ein finn svar på det meste ved å lesa seg opp på dokumenta som ligg der. Alle bør setja seg inn i kommunereforma og ikkje minst må alle hugse å røyste den 23.mai, seier Silje-Margrethe Fjærtøft engasjert. Ho får full støtte av Mathilde og Aurora i det.

### Redd for sentralisering

Men Silje-Margrethe skil seg frå dei to andre i synet på Jondals vegval. Medan både Aurora og Mathilde meiner at Jondal ikkje har råd til å stå åleine, meiner ho det motsette. Medan Aurora og Mathilde endå ikkje har engasjert seg politisk, så har Silje-Margrethe meldt seg inn i Senterpartiet.

-Eg vil røyste for 0-alternativet. Vi har det svært godt i Jondal i dag. Sjølv om eg kan sjå nokre gode sider ved samanslåing, så trur eg at det kan føre til ein sentralisering,

der vi gradvis misser mykje av det gode tenestetilbodet vi har i dag. Vi kan til dømes misse barnehage og skule. Korleis vil det då gå med Jondal? spør ho.

### Odda og Ullensvang eit smart val

Aurora derimot meiner at Jondal må gå saman med andre og at ein sit att med meir pengar dersom ein vel alternativet mot syd. Det einaste Aurora ikkje likar med alternativet mot Odda og Ullensvang er det nye kommunenamnet. Ullensvang? -Nei, med ein ny kommune burde ein funne på eit nytt namn og. Kva med Folgefonna kommune? Det må då vere mykje betre, seier Aurora Oppedal Sandven.

-Eg meiner at Odda og Ullensvang er eit smart val. Då må dei frå Ullensvang og Odda dra gjennom Jondal når dei er på veg til Bergen. Det trur eg er betre enn å velja Kvam-alternativet. Då vert vi i utkanten, seier Mathilde.



Jondal-ordføraren Jon Larsgard (Sp)

# -Vi kan stå åleine. Det er beste garantien for nært og godt tenestetilbod

-Eg meiner at det for Jondal sin del er eit svært realistisk alternativ å halde fram som eigen kommune. Eg kan ikkje sjå at økonomien åleine kan vera noko argument for samanslåing. Faktisk kjem vi økonomisk like godt elle betre ut åleine, enn dersom vi går saman med nabokommunar, anten det no vert til vest mot Kvam eller til aust mot Odda og Ullensvang. Når det er sagt, så vil eg og streka under at begge intensjonsavtalene er gode og bygd på ein desentralisert struktur. Eg vil høyre på kva jondølingane meiner. Dersom det vert eit klart svar i folkeavrøystinga 23.mai, så vil eg sjølv sagt respektera denne, seier Jon Larsgard.



Han er tydeleg på at det ikkje er slik at alle små kommunar må slå seg saman, slik han meiner det ofte vert framstilt i media. Kommunalministeren opnar og for at «ufrivilljuge» små kommunar, med ein viss avstand til større befolkningssenter slik Jondal har, og skal kunne stå åleine i framtida.

-I tillegg til dei to alternativa for samanslåing, er det og eit 0-alternativ, det vil seie halda fram som før, åleine. Det er desse tre vala ein lyt gjera seg opp meining om: Anten fortsatt stå åleine, eller gå saman med Kvam, eller saman med Odda og Ullensvang. Så langt så meiner eg personleg at det beste alternativet er å halda fram som før.

## Gardbrukar med tru på eit desentralisert Noreg

Jon Larsgard er fødd i bygda Hovet i Hol kommune, øvst i Hallingdal. Han er utdanna på dåverande Landbrukshøgskulen på Ås, han arbeidde på Tine i Bergen frå 1983 til 1988, då kan kom til Jondal og overtok garden Torsnes, etter onkelen sin. Garden har kapasitet for vel 30 mjølkekyr, som Larsgard i dag driv i samdrift med ein nabo. Vi treff han ein solrik dag i vakre Jondal og han viser tydeleg stolt rundt i sentrum og peikar ut dei sentrale institusjonane som er så viktige i eit lokalt tenestetilbod. Sjølv

om intensjonsavtalane både mot Kvam og mot Odda og Ullensvang er desentraliserte i sin struktur, så er han redd for at dei og kan innebera sentralisering på sikt, ikkje minst når perioden med inndelingstilskot er over. Som Senterparti-mann er han oppteken av at heile Noreg vert teken i bruk. Han er kritisk til prosessen rundt kommunereforma. Ønsket om ei reform er ikkje godt nok forankra blant folk, og tidspresset og ikkje minst dei mange uavklarde spørsmåla kring inntektssystemet og framtidige oppgåver for kommunane, skapar stor uvisse om reformen svarar på dei utfordringane kommunane står ovafor.

## Ser og gode ting ved samanslåing

-Det kjem difor kanskje ikkje overraskande at eg meiner vi i Jondal fint kan klare å fortsette som eigen kommune, seier ordføraren som er inne i sin tredje kommunestyre periode. Han har vore ordførar sidan 2009. Jon Larsgard påpeikar at han ikkje prinsipielt er mot større kommunar og samanslåingar. Han meiner at det i enkelte høve kan vere fornuftig med større einingar, men at dette ikkje treng vere beste løysinga for alle. For Jondal sin del, med lang reiseavstand til neste store befolkningssenter over 5000 menneske, vil faktisk det nye inntektssystemet for

kommunane slå positivt ut. Dersom det nye systemet vert vedteke som det er foreslått, vil Jondal få like mykje eller litt meir frå staten som eigen kommune, samanlikna med å slå seg saman.

-Men økonomien er no ein ting. Eg kan sjå at det er andre argument som talar for samanslåing. Det er klart at små kommunar er sårbare. Ved å gå inn i større einingar kan det verta større og sterkare fagmiljø. Det er med på det auka kompetansen. Det er slik eg ser det, beste argumentet for samanslåing av små kommunar.

## Lokal styring og kontroll

Likevel meiner Jon Larsgard at Jondal vil klara seg godt som no, også i framtida:

-Eg meiner at å ha lokal styring er beste garantien for at vi her i Jondal kan oppretthalda eit godt tenestetilbod til innbyggjarane ved å ha nær og gode tenester. Då opprett held vi og kompetansesarbeidsplassar lokalt, som grunnlag for å kunne verta fleire. Som eigen kommune vil vi ha betre kontroll over utviklinga. I ein større eining med færre folkevalde og færre til å tala vår sak, er det ikkje like sjølv sagt at fokuset på å utvikla Jondal, eller distrikta for den saks skuld, vil vera like sterkt. Småkommunar har kort veg frå idé

til handling, og kan gjennom det vera mindre byråkratiske. Det er heller ingen fagleg dokumentasjon på at storleiken avgjer kvaliteten på tenestene.

## Stort lokalt engasjement

Det gleder Jon Larsgard at det har vore så stort lokalt engasjement rundt arbeidet med kommunereforma i Jondal. -Det syner at folk flest er oppteken av samfunnsutviklinga. Vi har gjort jobben vår med å ta «nabopraten». Først med ei administrativ utgreiing, og sidan med å forhandla fram intensjonsavtaler. Eg vonar at folk set seg inn i desse. Alle kan finna desse på heimesidene våre. Kommunestyret har samrøystes vedtatt begge intensjonsavtalane. Det inneber at vi ser på dei som gode nok til å leggja dei fram for ei folkeavrøysting. Kva som er den beste avtalen er det neppe noko fasitsvar på. I tillegg til dei fakta og intensjonar som er nedfelt i utgreiingar og avtaler, vil det vera mange andre faktorar som bestemmer kva standpunkt ein endar på. Identitet, kultur, strategisk plassering, fjordkryssing kan vera døme på kva mange vil vektleggja i vurderingane sine.

-Vi skal og ha folkemøter, eit for ungdom 7.mai og eit ope for alle 12.mai. Eg er sikker på at folk vil setja seg godt inn i svaralternativa og gjera seg opp si eiga meining for folkeavrøystinga den 23. mai. Her håpar og trur eg det vert hog deltaing. Deretter vert det spanande om resultatet gir eit klart svar. Dersom røystinga viser eit tydeleg svar på eit av dei tre alternativa, vil eg sjølv sagt

retta meg etter det. Dersom røystinga derimot ikkje gjev eit klart svar, så må kommunestyret gjere jobben med å ta dei endeleg vurderingane. Innan fristen går ut 1. juli, skal vi uansett ha kome fram til eit vedtak, anten det no blir det eine, det andre eller det tredje alternativet, seier Jon Larsgard.

## Om intensjonsavtalane

Han meiner at dei to intensjonsavtalane er nokså like, men at avtalen mot Odda og Ullensvang alternativet er mindre konkret om næringsfond. I avtalen med Kvam er dette med. Både Jondal og Kvam har eigne næringsfond basert på årlege konsesjonsavgifter. I avtalen med Kvam heiter det at dette skal slåast saman, men tre fjerdedelar av den årlege konsesjonsavgifta som elles ville blitt tildelt gamle Jondal kommune, skal øyremerkast tiltak i noverande Jondal i ein periode på 15 år. Vidare er det i avtalen med Kvam regulert inn at grendeutvalet, som det lågaste demokratiske organ i kommunen, skal utvidast til å gjelda heile den nye kommunen. Dette er ikkje med i avtalen med Odda og Ullensvang.

Odda og Ullensvang alternativet er noko meir konkret på kva for kompetansesarbeidsplassar som kan flyttast til Jondal, der det spesielt vert peika på eit felles plankontor lokalisert hit. Det vert vidare vist til kva andre støt-tefunksjonar som og skal vurderast nærare som IKT, økonomi og post/arkiv. Dette alternativet byggjer på å utnytta dei fordelane ein har fått av å vera knytt nærare saman gjennom ved realiseringa av Jondalstunnel og Folgefonntunnel.

## -Fordelar med både sør og nord for Ullensvang

**-Eg har førebels ikkje teke stilling til kva alternativ eg kjem til å røyste på. Eg ser fordelar for Ullensvang både ved å slå seg saman med Jondal og Odda, samt at Nord-alternativet med Ulvik, Eidfjord og Granvin, og har mange gode ting, seier Andreas Kvestad Kråkevik.**

Han er busett på Kråkevik, midt mellom Nå og Aga i Ullensvang. 19-åringen er russ og kan sjåast på vegane i russe bilen Van Force One. Hans planar for komande året er folkehøgskule eller arbeid, for han vil søkje om opptak på befalsskolen. Han er medlem av Ullensvang ungdomsråd og veit at meiningane om kommunereforma der er delte.

## -Alle må røyste!

-Eg er ikkje så oppteken av kor kommunegrensene går, sånn i det daglege. Det viktigaste er at vi har gode tilbod. Men eg skjønner at Ullensvang ikkje kan halda fram åleine, dersom mange andre går saman. Uansett skal eg gjere meg opp ei meining før eg røyster. Det meiner eg at alle som kan må gjera, seier Andreas Kvestad Kråkevik.



## - Jondal kan miste mykje ved gå saman med andre

**Fruktdyrkaren Sveinung Selsvik frå Selsvik gard mellom Jondal sentrum og Herand er sterkt imot at Jondal skal gå saman med ein eller fleire kommunar. Dersom det skjer frykter han for både reduksjon av arbeidsplassar og ungdommens framtid.**

-Vi lever og bur i ein kjempegod kommune i dag. Vi har rimeleg god økonomi, og eg skjønner at det er difor både Odda og Kvam kunne tenkt seg oss. Men vi treng slett ikkje gå saman med andre. Eg trur rett og slett at vi ikkje får det betre ved å bli større. I staden er eg redd for at vi kjem til å mista mykje, seier Selsvik.

- Det verkar som om mange trur at små kommunar må slå seg saman med andre. Eg er ikkje med på det. Kva vil då til dømes skje med arbeidsplassane i kommunen? Dei vil jo få tilbod om jobb andre stader, men etter kvart vil dei og forsvinna frå Jondal. I dag har vi ein god, nær og kompetent kommuneadministrasjon som gjer alt dei kan for at vi skal ha det godt her i Jondal. Vi er ein liten kommune, der alle kjenner alle. Det kan sjølv sagt vere noko negativt med det, men eg meiner at det er langt meir positive ting ved det, og. Vi har og svært gode tenestetilbod til eldre og yngre. Kva vil skje med det dersom Jondal er med på ei sentralisering, anten til Odda eller Kvam? Då kan Ungdomsskolen forsvinna på sikt og elevane får lang reiseavstand. Dersom barnefamiliane og forsvinn, så kan dett gå ut over det gode frivilljuge arbeidet vi har i Jondal. Nei i sum er slett ikkje i tvil: Vi kjem til å mista mykje meir ved å gå saman med andre, enn det vi eventuelt kan vinna. Difor kjem eg til å seia eit klart nei til samanslåing, og eit like klart ja til å halda fram som no; Jondal som eigen kommune, seier ein engasjert Sveinung Selsvik.



ODDA-ORDFØRAREN ROALD AGA HAUG (AP):

# Hardangerkommunane Jondal, Odda og Ullensvang skal bygga ein ny kommune for å styrka regionen, lokalsamfunna og næringslivet.

-Mitt klare råd til folk i Odda er at går til valurnene 23. mai og røyster for ein samanslåing med Ullensvang og Jondal. Dei tre kommunane utfyller kvarandre godt og dei passer svært godt saman. Det vil etter mitt skjøn vere klokt for kommunane å gå inn i ei ny litt større eining. Eg har sterk tru på at resultatet av ei slik nyvinning styrker og gjer ei meir positiv utvikling i heile den nye kommunen, seier Odda-ordføraren Roald Aga Haug.



Han meiner at ein ny kommune av dei tre kan innebera ei motkraft til sentraliseringstendensane.

-Reiseavstandane i den nye kommunen vert passelege. Ullensvang har to fjordsider som begge ender i Odda. Og Jondal er kome mykje nærare til Odda. Vi vert Noregs største fruktkommune, vi har merkevaren og turistmålet Folgefonna saman. Vi har unike naturområde med eit stort unytt potensial innan reiselivsutvikling. Det vert ein god landbrukskommune. Samt ein sterk næringsvenleg kommune med mange bedrifter som har utviklingspotensial. Sjå berre på Tizir og Boliden sine miljøvenlege utvidingsprosjekt. Vi har og mange små og mellomstore bedrifter med høg kompetanse på sine felt. Ærleg talt, så kan eg ikkje sjå anna at det beste for både Odda, Jondal og Ullensvang, vil vere å gå saman. Då kan vi byggja noko nytt til beste for folk flest, seier ein entusiastisk Odda-ordfører.

## Ikkje vore i tvil

Roald Aga Haug er fødd i Odda og vaksen opp på Aga. Han bur no på Eidesmoen i Odda. Han vart vald inn i kommunestyret første gong i 2003. Ved valet i fjor haust vart han ordfører. Han er utdanna sosionom og

familierapeut, med arbeidsrøynsle frå både barnevern, familievernkontor og NAV. Roald Aga Haug seier at han heile tida dei har arbeidd med kommunereforma, ikkje har vore i tvil. Det beste for Odda vert å gå saman med grannekommunane, sjølv om ein mister kommunenamnet Odda.

- Sjølv om det ligg i intensjonsavtalen at den nye kommunen skal heite Ullensvang, så vil jo Odda, Røldal, Skare, Tyssedal og andre grender i alle dagens kommunar halda fram med sin identitet.

## Heile Ullensvang, Odda og Jondal er det rette.

Vi må bygga opp rundt ei naturleg eining med desentraliserte tenester nær innbyggjarane. Avstandane er slik at det er kort nok mellom dagens kommunesenter og kommunedelsenter til godt samkvem internt. Samtidig er avstanden frå Odda til Kinsarvik, Jondal, Røldal og Utne stor nok til at stadene og andre grender må ha gode tenester nær der folk bur. Der som desse tre kommunane hamnar i ulike kommunar i framtida vil regionen og lokalsamfunna bli svekt samla sett. Bu og arbeidsmarknad er meir og meir felles. I lag kan vi utvikla buområde og næringsareal i ulike delar av

den nye kommunen på ein samordna og god måte. Det kan bli ein sterk kommune

Han er fullt klar over at både Jondal og Ullensvang også har inngått intensjonsavtaler med andre grannekommunar. Jondal har ein med Kvam, som og Granvin kan slutta seg til. Ullensvang har ein ein med Eidfjord, Ulvik og Granvin.

Eg vonar sterk støtte til sør-alternativet. Odda, Jondal og Ullensvang høyrer og høver svært godt saman. I fellesskap kan vi skapa ein ny større kommune. Vi vert mindre sårbare og slagkraftige. Vi får meir og betre kompetanse. Samt større fagmiljø. Slik kan vi sikra innbyggjarane gode tenester med høg kvalitet. Alt dette meiner eg taler for ein ny kommune bestående av oss tre, seier Roald Aga Haug.

## -Har du så ingen skepsis mot samanslåing?

Eg tykkjer eininga er naturleg no som før. Det er forhandla fram til ei god løysing for alle parter. Difor vonar eg vi sjølve kan velga det rette. Eg voner på høg valdeltaking den 23.mai, og at alle les intensjonsavtalen, seier Roald Aga Haug.

## - Sterkare fagmiljø med samanslåing

Eg er positiv til kommunesamanslåing, både som privatperson og som Helse og sosialsjef i Odda, seier Anne Lise Naasen.

Ho seier at dette synet botnar i hovudsak på at Hardangerkommunane er små, med nokre av dei same utfordringane på kvar sin kant, og då meiner ho at kommunane vil vere sterkare saman.

- Vi vil lettare kunne bygge gode og sterke fagmiljø, ergo vil vi også lettare tiltrekke oss naudsynt fagkompetanse. Dette ikkje berre innanfor helse og omsorg, men og

innan andre fagområder. I høve til helse og sosialområdet vil det også vere lettare å styrke fagkompetansen når vi står samla i ein ny kommune. Ein vil då kunne omfordela og utnytte ressursane slik at innbyggjarane får eit breidare og betre tenestetilbod.

I tillegg vil ein sikre at innbyggjarane i indre Hardanger får et likt tenestetilbod, uavhengig av om en bor i Jondal, Ullensvang eller Odda, seier Anne Lise Naasen.



## -Ser mot Odda for å sikre Jondals framtid

**Gardbrukar og gruppeleiar for Ap i Jondal kommunestyre, Olav-Magnus Hammer ser mot Odda når han skal ta eit val.Han ser konklusjonen også gjennom næringsutvikling når han til dagen jobbar som elektrikar.**

-Gjennom generasjonar har vi bygget mye å vere stolt av her i Jondal. Eg er redd for at vi ikkje kan oppretthalde vårt gode tenestetilbod i kommunen dersom vi vert ståande åleine. Eg trur på dei som seier at AS Noreg får dårlegare økonomi i åra som kjem. Eg trur og at eit 0-alternativ vil slite når andre faktorar enn nytt inntektsystem gjer seg gjeldande. For å sikre vår framtid har difor vi i partiet konkludert med at den beste løysinga for Jondal er å gå saman med Odda og Ullensvang, seier Olav-Magnus Hammer.

## Betre lokaldemokrati

Han har delteke i forhandlingane med både Kvam og Odda/Ullensvang. Han meiner at det er forhandla fram gode intensjonsavtaler. Han er likevel ikkje i tvil om kva retning han meiner Jondal bør ta knytt til kommunereforma.

-Vi er ein liten og dermed sårbar kommune i dag. I tillegg er det tette band i kommunen, noko som kan vere ei utfordring. Vi har mange interkommunale løysingar, i tillegg til mange avtala innan helse som gjer at større kommunar tek ansvaret på vegne av oss mindre. Desse førar og til at vi misser politisk kontroll. Difor trur eg på større fagmiljø, opnare miljø og avstand mellom brukar og ytar. Det vil vere bra for lokaldemokratiet og for tenestetilbodet.

## Betre økonomi

Hammer seier at ein slett ikkje må tru at Jondals gode økonomi vil halda fram i åra som kjem.

-Eg er redd for at det ein allereie no ser er nedgang i inntektene og trenden som vil



forsterka seg fram mot 2019. Jondal går no mot underskott i drifta samstundes som det har bygt seg opp investeringsbehov og vedlikehaldsetterspurnad. Når me veit at ca. 70 % av Jondal sine utgifter går til lønn så ser ein kor mulige kutt ligg. Dersom vi går saman med Odda og Ullensvang får vi i fellesskap ein betre økonomi med lågare administrasjons kostnader. Andre inntekter vil vere garantist for at vi kan halda fram med investeringar og gode tenestetilbod her i Jondal, seier politikaren og gardbrukaren.

## Betre framfor enn haleheng

Ein vesentleg årsak til at han vel Odda og Ullensvang framføre Kvam, m.a er veksten som skjer kring Bergen.

-Vi har ein stor by i fylket, der veksten kjem til å auka på. Ved sør -alternativet vil vi ligge fram forbi på veg mot Bergen, i staden for at vi i Kvam-alternativet vert eit haleheng, på veg mot Bergen. Mot Odda og Ullensvang har vi landfast veg. Odda som det naturlege senteret i ein ny kommune ligg med relativ korte reiseavstandar frå alle stader i Jondal og Ullensvang. Dette meiner eg og har betydning for politisk deltaking. Vegen mot Norheimsund vert lengre grunna at ferja lagar opne og lukketid for deltaking. Terskelen for deltaking vert då høgare. Vidare trur eg at det ikkje er fornuf-tig å vere ein kommune skilt av ein fjord. Det meiner eg det finnes fleire døme på i Noreg, at ein ynskjer å gå vekk frå kommunar delt av ein fjord. Eg har merka meg at Ullensvang har kjempa for ferja som internforbindelse, utan å lukkast. Det syner at det ikkje er automatikk at ein får fleire ferjeavgangar i ein samanslåing med Kvam.

## Helseføretaksmodellen

Diskusjonane om kommunesamanslåing betyr flytting av Jondal til Helse Bergen, er med i avtalen mot Kvam og ikkje avtalen Ullensvang-Odda. Eg har hevda at dette spørsmålet ikkje høyrer heime i nokon av avtalane.

- Dette er komplisert men eg skal forsøke å forenkla: Når ein går til primærlege har ein oftast fritt sjukehusval, då kan ein dermed kunne få vidare behandling

hos Helse Bergen. Når det gjeld anten Akutt altså amulanse eller legevakt vil ein vidare få tenestene frå Helse Fonna. Det ligg i avtalen med Kvam, at ein må finna ei løysing for Jondal uansett på denne sida av fjorden. Når ein veit at legevakta i Kvam ein store del av døgnet er på Voss, vil eg sjå den Jondølen som køyrer heilt til Voss for å få hjelp. Med Helse Fonna er næraste legevakt i Odda, seier Hammer. Det innbyggjarane i Jondal meiner, er at det er svært feil å bli sendt til Haugesund Sjukehus. Dette må finna si løysing. Men som me skjønner ligg kampen om det ikkje i kommunesamanslåing, men snarare å ta kampen på nytt om overføring av heile området til Helse Bergen.

Kompetansearbeidsplassar til Jondal Han meiner og at i sør-alternativet er regulert inn i intensjonsavtalen at den nye kommunen skal arbeida for å sikra fleire, nye kompetansearbeidsplassar til Jondal. Det trur eg på, spesielt sidan den økonomiske muskele vert størst saman med Odda og Ullensvang. Eg vonar at det vert høg deltaking på valet 23.mai og at folk set seg inn i alternativa. Dette er eit viktig vegval for Jondal. Eg frykter at vi vert frykteleg liten, dersom 0-alternativet vinn fram og kommunane rundt oss slår seg saman, seier Hammer. Det vil merkast og ved evna til å få nye arbeidsplassar i Jondal. Næringslivet treng ein større kommune som partner i utvikling.

## 9 for, 8 mot

Det vert uansett spanande. Dersom folkeavrøystinga ikkje gjev eit klart og tydeleg råd på kva Jondals politikarane skal velja, så er det kommunestyret som skal ta avgjerdsla etter fleire hensyn. Dersom ein skal tolke signala frå partia så langt i debatten, er Høgre, Ap og KrF sine til saman 9 representantar for ein samanslåing. Høgre og AP er for sør-alternativet og KrF sine 2, er for Kvam-alternativet. Dei 8 representantane frå SP er truleg samde om 0-alternativet.

## Oppsummering

23. Mai meiner eg at folk må vektleggja - Større fagmiljø, større kommune. - Større kommune sikrar det ein har bygd opp. - Større kommune sikrar samfunnsutviklinga.



Den særst røynde Ullensvang-ordføraren Solfrid Borge (Sp), vil ikkje vektlegga korkje nord- eller sør-alternativet for ein mogeleg kommune samanslåing. Ho meiner at det framleis finst eit tredje alternativ. Det er å fortsatt stå åleine, som no:  
-Det er mykje bra i begge intensjonsavtalane. Det var so langt vi kom i forhandlingane. Eg vil først og fremst høyre på kva folk i Ullensvang meiner, før eg tek mitt standpunkt. Og la meg understreka to ting: Det er slett ikkje slik at vi må slå oss saman. For det andre meiner eg det er leit at fleire snakkar om deling av Ullensvang. Kva vert då att av Norges frukthage?



## ULLENSVANG-ORDFØRAREN SOLFRID BORGE (SP) Vil høyra kva folket meiner før eg tek mitt standpunkt

Solfrid Borge har lang røynsle som folkevald og ho er svært engasjert på Ullensvang sine vegne, og vil at innbyggjarane skal ha det beste tenestetilbodet.

Solfrid er fødd og oppvaksen på Bu i Ullensvang. Ho vart ordførar alt i 2003 og vil dermed når hennar fjerde periode går ut i 2019, ha bak seg heile 16 år i ordførarstolen for heradet. Ho legg ikkje skjul på at ho som Senterparti-veteran er svært oppteken av ein desentralisert struktur i Noreg og at det skal kunne leva og bu folk heile landet.

### Sentraliseringsprosess

-Eg ser på arbeidet med kommunereforma som ein sentraliseringsprosess, der det dessverre vert nytta mykje økonomisk pisk, som vi ikkje kjenner konsekvensane av. I vårt landstrakte land er det fleire regionar og kommunar som ikkje vil få noko vinst av å slå seg saman. Difor er det ikkje slik som mange openbert trur; at ein lyt slå seg saman. Eg reagerer og veldig på dei

korte tidsfristane. Når dette er sagt, så er eg slett ikkje mot kommunesamanslåingar, så lenge dei er fornuftige og gir vinst for folk flest.

Små skilnader i intensjonsavtalane Solfrid Borge seier at Ullensvang i alle høve har gjort jobben, både når det gjeld utgreiing, forhandlingar og to intensjonsavtaler, som begge vart samrøystes vedteke i heradsstyret.

- Det er små skilnader i begge intensjonsavtalane, sjølv om vi i begge to mister kommuneadministrasjonen vår i Kinsarvik. Det er klart at dette på sikt vil innebera at mange arbeidsplassar vert flytta, anten til Eidfjord eller til Odda. Når det er sagt så er det og mykje positivt i begge avtalane, seier Solfrid Borge.

### Liten økonomisk effekt

Solfrid Borge seier at ho ikkje kan sjå at tenestetilbodet i Ullensvang vert betre etter ei eventuell samanslåing, anten det no vert mot syd eller nord.

-Eg er redd for at ei samanslåing ikkje bygger noko nytt, som faktisk gjev vinst for folk flest. Samanslåingar må vere rettvise og fornuftige. Difor vil det i fleire små kommunar i Noreg framleis vera slik at dei har det betre som no, enn at dei absolutt må slå seg saman, eigentleg berre for å gjere noko styresmakterne vil, seier Borge. Og legg til:  
- Våre betraktningar syner og at det ikkje vert så stor endring i kommuneøkonomien vår, anten vi held fram som no, eller slår oss saman. Difor meiner eg at økonomien ikkje kan vere det berande argument for samanslåing. Då er det heller betre fagmiljø og meir kompetanse som talar for ei eventuell samanslåing, seier ho.

**Vil høyre kva folket seier i røytinga 23.mai:** - Som ordførar i Ullensvang er eg utroleg stolt over folket i Ullensvang og alt dei har fått til. Mi oppfordring til alle er at dei nyttar røyteretten sin 23.mai. Slik er du med å påverka Ullensvang si framtid, seier Solfrid Borge.

## -Stort potensiale i næringsutvikling

**Administrerende direktør i verksemda NLI Odda AS, Ingvald Torblå brenn for at det vert ein ny kommune bestående av Odda, Ullensvang og Jondal.**

-Desse tre høyrer naturleg saman. Vi har trong for å styrka regionen. Derfor meiner eg at den nye kommunen kan byggast og via næringslivet. Då må Odda vere ein inkluderande storebror som sentrum, med Røldal, Jondal, Utne, Kinsarvik og Lofthus som sterkt deltakande 'landsbyar'. Det er ingen tvil om at vi i denne regionen har trong for betre samarbeid innan næringslivet. Eg tenkar då spesielt innan reiseliv og industri. Som styremedlem i SMB Hardanger arbeidar eg for betre samarbeid på tvers mellom næringslivet i Jondal, Ullensvang og Odda. Her har vi mykje å gå på. Men eg trur at ein ny kommune kan gjere det lettare å skape ny aktivitet og dermed arbeidsplassar. So difor vonar eg sterkt på at både Ullensvang og Jondal ser seg best tent med å 'fusjonera' med regionsenteret i Odda, seier Ingvald Torblå. Til dømes har mange Ullensvang firma over år fleire tiår flytta til Odda, fordi det er her det er størst basis for å driva selskapa og her den største marknaden er. Så me er allereie meir samansveisa en mange tenkjer over og eg trur ein felles næringsseier ville ha tent alle betre.

Han leiår ein av regionens viktigaste arbeidsgjevarer. NLI Odda AS er ein hjer-



nesteværksemd med over 80 tilsette og omsetnad på kring 170 millionar kroner. Han har svært god bakgrunn for å ha meiningar om utviklinga i Hardanger. Han har navn frå Ulvik, vaks opp i Ullensvang, bur i Odda og har fritidsbustad i Jondal.

-Det er svært viktig for næringsutviklinga i vår region at Odda vert større saman med Jondal og Ullensvang. Det vil vere ei ulukke dersom Jondal og Ullensvang skulle gå mot andre kommunar. Jondal, Ullensvang og Odda høyrer naturleg saman. Eg trur til dømes at dersom Ullensvang går mot Eidfjord, Ulvik og Granvin, så er det berre år å snakke om før dei vert innlemma i Voss. Då må det vere betre å byggja ein sterk kommune her rundt Sørkjorden og Folgefonna med Odda som sentrum, men med livskraftige landsbyar i både Odda, Ullensvang og Jondal. For å sikre at det kjem ein vekst i den nye kommunen må næringslivet bidra sterkt, med eit betre samarbeid enn kva vi har i dag, seier ein optimistisk Ingvald Torblå.

## - Geografien tilseier samling av Ullensvang mot Odda og Jondal

**- Eg meiner heilt klart at Ullensvang må venda seg mot Odda og Jondal. Det er berre å sjå på kartet. Geografien tilseier ein slik samling, seier Tore Eiken, busett på Kvalvik i Utne.**

Han skipa Hardanger Maskin for nokre år sidan. I dag har han åtte mann i arbeid og ein omsetnad på over 20 millionar kroner. Han fortel at han har hatt oppdrag både i Odda og Jondal, men for Ullensvang herad har han ikkje arbeidd endå.

-Dersom det ikkje vert noko av ein kommunesamanslåing, så er det ikkje umogleg at eg kjem til å flytte verksemda mi til anten Jondal eller Odda. De satsar på næringslivet, i Jondal har dei og eit næringsfond. Eg har ikkje høyrte noko frå Ullensvang, seier han.

Årsaken til at han menier at Ullensvang må slå seg saman med Odda og Jondal er enkel:

- Eg meiner at det vert ein større og betre kommune og bu og arbeide i. Det treng vi. Eg har heller ikkje noko imot det, dersom delar av Ullensvang heller vil venda seg mot Ulvik, Eidfjord og Granvin. Det kan jo skje.



## - Berre positivt med sterkare Hardanger

**-Eg meiner at dette ikkje er så vanskeleg. Eg ser berre positive ting ved at vi kan gå saman med Odda og Jondal. Då kan vi skapa ein sterk region her i Hardanger, seier fruktdyrkaren og siderproducenten Olav Bleie, som har garden sin på Nå i Ullensvang.**

Bleie seier at då han sette seg inn i kommunereforma, ganske raskt fann ut kva han meiner er beste løysinga for Ullensvang inn i framtida. Heradet er i dag lite og treng å verta større for å oppretthalda eit godt tenestetilbod, meiner han. Då må Ullensvang velja retning, nord eller syd. Men dette må ikkje føre til at halve heradet går ein veg, og andre halvdel den andre: Olav Bleie er sterkt oppteken av at folk må slutta å snakka om ei eventuell deling av Ullensvang.

### Må ikkje delast!

-Det vert i så fall ein traumatisk, dyr, vond og tung prosess som ingen kan tena på. Ikkje høyr på vonde tungar som seier at geografien tilseier deling av heradet. Det er berre tull. Ein ny kommune med heile Ullensvang saman med Odda og Jondal vil ha korte reiseavstandar. Det er ikkje

meir enn rundt 40 kilometer frå Odda ut til Røldal, Jondal sentrum, Kinsarvik og Utne. Over 90 prosent av folket i den nye kommunen vil kunne dra inn til det naturlege senteret, Odda, på under ein halv times kjøring når me får sett vegane i stand. Legg me til eit kvarter så er alle innbyggjarane innafor. Folk i byar som er vane med køkjøring ville misunna oss dette. Då kan eg ikkje sjå at geografien skal vere til hinder for å skapa noko nytt. Heller tvært imot.

Han meiner og at Bu og Ringøy framleis må høyre med. -Eg ser ingen grunn til at dei skal føle seg meir forulempa enn dei som bur på Vines som har like lang veg.

### Ser lite ljust på nord-alternativet

Bleie har ikkje noko tru på nord-alternativet med Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Granvin.

-Dette vert ein kommune med svært flat struktur og framleis fire småkongar, som vil kjempa for sitt og for lokaliserings. Eg ser lite ljust på kor det kan enda. Mykje krangling, og mange krefter internt,

meir enn vil til Voss. Eg meiner eit samla Ullensvang vil få det mykje betre ved å gå saman med Odda og Jondal. Vi passar godt saman og vi kan i fellesskap arbeida fram ein enda sterkare region med høg Hardanger-identitet, seier ein entusiastisk Olav Bleie.

### Bra for næringsutvikling

Han snakkar seg varm på kor sterk og god, ny kommune av Ullensvang, Jondal og Odda kan verta. Økonomien vert sterkare. Føresetnadane for auka verdiskaping og samarbeid i næringslivet vil betrast. Samstundes vil ein kunne skapa ein samlande og sterk region i indre Hardanger, som motvekt til Voss og Haugesund. -Ved en samanslåing vert det ein fin balanse ved at det vert like mange Hardingar som by-oddingar. Me får eit naturleg sentrum i tillegg til dei levande bygdensentruma i Jondal, Utne, Røldal, Kinsarvik og Lofthus, som kan vere drivkrafta for at vi i fellesskap skapar noko nytt til beste for alle. Odda vert byen men Hardanger vert merkevara.



# Meiner Jondal bør gå mot Kvam

- Det er argument som kan tala for alle alternativ, men vi skal gjera eit valg, og Jondal Krf vil anbefala at veljarane stemmer for alternativet Jondal Kvam, seier varaordføraren i Jondal, Reidun Haugen Dalseth. Ho kom inn i kommunestyret hausten 2015 og har vore medlem i forhandlingsutvala både mot Kvam og mot Odda og Ullensvang.

Ho ser mot vest og har tru for at i eit framtidsperspektiv så er det den regionen som kan gi Jondal mest drahjelp til vidare utvikling.

- Det er Bergen som er vår by. Vi har felles interesse med Kvam når det gjeld å få god forbindelse både over fjorden og vidare til Bergen. Historisk er det mot Kvam og Strandebarm vi har hatt dei sterkaste banda, og kulturelt sett har vi mykje til felles. Når det gjeld næringsliv så er potensialet for ei meir miljøvennlig og bærekraftig utvikling av ressursane i fjorden spennande. Begge kommunane har tradisjonar innan landbruk som kan utviklast vidare, seier Dalseth.

## Turisme og felles arbeidsmarknad

- Tenkjer vi på potensialet innan



reiseliv så kjem gjerne turistane via Kvam for dei kjem over fjorden og det kan utnyttast ved å utvikla ulike pakketilbod som gjer at folk blir verande lengre i distriktet. Næringshagen i Øystese ynskjer å vera ein ressurs for det lokale næringslivet. Mange frå Jondal har gått på vidaregåande skule i Kvam, og vi har og ein felles arbeidsmarknad; det er dagleg pendling over fjorden, begge vegar.

Kommunen vil vera langstrakt på begge fjordsidene, og det er viktig at positivt samspel og eventuelle interessekonflikteter mellom kommunesenter og grendene i heile distriktet blir tekne på alvor. Alle grender har sin spesielle identitet og historie og har ressursar som kan utviklast. Derfor kan ordninga med grendautval vera viktig å få dette til, seier Reidun Haugen Dalseth.

## Gode erfaringar med Kvam-samarbeid tidlegare

Jondal kommune har hatt samarbeid med Kvam på fleire områder og har gode erfaringar med det. Kompetanse og samarbeid innan tenestetilbod og ulike fagområder kan utviklast vidare, og nærleiken til Bergen er ein fordel når vi treng spesiell kompetanse. Ved å slå oss saman med Kvam, blir vi ein kommune på ca 10 000 innbyggjarar og vi vil dermed få større tyngde innan regionen enn om kommunane står åleine. Eg meiner det er tid for å ta dette steget. Den nye kommunen kan bli innfallsporten mot vest for heile Hardangerregionen, og dette kan utnyttast positivt også for resten av distriktet. Ho legg til at intensjonsavtalane er såpass like når det gjeld konkret innhald at ho ikkje trur det er

ordlyden i intensjonsavtalane som blir mest avgjerande for folk når dei skal stemma.

- For dei som er opne for samanslåing, trur eg at det er avstand og reisetid til kommunesenter, korleis det blir med legeteneste og sjukehus, kommuneøkonomi og elles den tilknytting ein har både historisk og kulturelt – slike faktorar som vil telja mest. Andre stiller spørsmål til kor mykje ein kan stola på ein intensjonsavtale, og er redd for at om vi blir del ein større kommune så vil vi bli fråtekne det gode tenestetilbodet vi har i dag. Men Dalseth har tru på at det som er skrive i intensjonsavtalen vil bli fylgt opp. Sidan fjorden deler oss, er det rimeleg at vi beheld basistenesene på denne sida, seier ho.

## AVTALEN MELLOM JONDAL OG KVAM

### I intensjonsavtalen mellom Kvam og Jondal heiter det at det fortsatt skal vere 1-10 skule, kulturskuletilbod og stymjebasseng lokalisert i Jondal.

Barnehagetilbodet skal oppretthaldest i dei noverande kommunane, og Jondal skal ha status som lokalsenter, sjølv om rådhuset med administrativ eining vert lokalisert til Norheimsund.

### Ingen oppseiingar

Prinsippet ved avtalen med Kvam er det same som med avtalen med Odda og Ullensvang. Prosessen skal vere prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad. Tilsette i kommunane skal ikkje bli sagt opp som følgje av prosessen Eventuelle overtallige skal få tilbod om nye oppgåver i den nye kommunen. Den nye kommunen skal vere ein attraktiv og utviklande arbeidsplass.

Heile intensjonsavtalen finn du på Jondal kommune sine heimesider

### Grendeutval

Kommunestyret i den nye kommunen skal ha 27 representantar, med eit formannskap på ni medlemmer. Grendeutvala skal gjennom høyringsuttalar, innspel til kommunale planar, og gjennom eigne initiativ til saker og tiltak, fungera som innbyggjarane i grendene sitt talerøyr.

### 20 + 5 millionar

Kommunar som slår seg saman vil få dekkja eingongskostander etter ein standardisert modell. Jondal og Kvam vil få 20 millionar kroner i eingongsstønad. I tillegg til dett vil ein motta ein reformstønad på 5 millionar kroner.

### Næringsfond for Jondal

Jondal kommune og Kvam herad har eigne næringsfond basert på kraftinntekter. Desse skal slåast saman til eit fond, men der tre fjerdedelar av den årlege inntekta som elles ville blitt tildelt gamle Jondal kommune skal øyremerkast Jondal i ein periode på 15 år. Dette tilsvarer om lag 2 millionar kroner årleg.





- Kvam er eit godt og vel fungerande herad i dag. Eg trur at vi fint kan klare oss som no, også i framtida. Men eg ser og mykje positivt i å skape ein ny og større kommune.

Vi har svært mykje til felles med Jondal. Vi har grense til Granvin, som og ligg kort unna Kvam. Eg stiller dei to alternativa vi har i dag likt, anten vi no går saman med Jondal og / eller Granvin, eller om vi held fram åleine, seier ordføraren i Kvam, Jostein Ljones.



Kvam-ordfører Jostein Ljones (Sp):

## -Ser mykje positivt å skape EIN NY OG STØRRE KOMMUNE

Han understrekar at han ser fram til å høyre folkets meining. Det skal gjennomførast ei meiningmåling i Kvam, der folk vert spurde om kva dei meiner.

### Beklagar nei til folkeavrøysting i Kvam

-Heradsstyret vedtok at det ikkje var naudsynt med folkeavrøysting, sidan engasjementet knytt til kommunereforma her i Kvam har vore lavt. Det har nok sin bakgrunn i at kvemmingane veit at det ikkje vert dei store strukturelle endringane for Kvam, anten vi no går saman med andre mindre kommunar, eller om vi held fram som før. Det høyrer nok og med at Kvam er eit relativt stort og vel fungerande herad i dag, med eit godt tenestetilbod til både yngre og eldre. Personleg er eg derimot lei meg for at det ikkje vert nokon folkeavrøysting, seier Jostein Ljones.

Fleirtalet i heradsstyret meinte at dei som eit demokratisk vald organ av folket i Kvam, sit på den naudsynte kunnskapen og oversynet i dette spørsmålet, og soleis er best skikka til å fatta denne avgjerda på vegne av folket.

### Ventar på folkeavrøystinga i Jondal og Granvin

Han seier at Kvam heradsstyre ikkje kjem til å fatte noko vedtak knytt til eventuell samanslåing, før resultatane frå folkeavrøystingane i Jondal og Granvin ligg føre, den 23.mai.

-Det kan jo hende at Jondal anten seier nei til samanslåing, eller at dei vendar seg mot Odda og Ullensvang. Skulle det skje så må vi ta opp att forhandlingane med Granvin. Dersom Jondal skulle ønskje samling med oss, så vil Granvin tiltre intensjonsavtalen mellom Jondal og Kvam, med nokre tilleggspunkt,

seier Ljones.

Uansett så vil ikkje Kvam fatte noko vedtak før i juni. Då veit ein kva Jondal vil.

-Eg trur at det kan verta ein god og nokre større kommune dersom både Jondal og Granvin vil slå seg saman med oss. Vi får sjå. Uansett så trur eg at vi i Kvam går saman med dei, dersom meiningmålingane syner eit klart fleirtal for det. Skulle eit klart fleirtal derimot ønskje at Kvam fortsatt skal stå åleine, så er det klart at vi politikarar må ha respekt for folkets meining, seier Ljones.

### Frå null til to kommunar

Etter ein lang periode der ingen andre kommunar ville ha samtaler med Kvam knytt til kommunereforma, kom det med eitt to samanslåingsalternativ opp for kvemmingane. Det er inngått ein intensjonsavtale med Jondal, sam-

stundes som Granvin vil slutta seg til denne.

-Intensjonsavtalen med Jondal vart samrøystes vedteke i kommunestyret vårt. Det er difor ein god avtale, for både Kvam og Jondal. Det er klart at vi har mykje til felles og saman kan vi skape noko nytt, med betre og større fagmiljø og ikkje minst ein mindre sårbar kommune.

Jostein Ljones er inne i sin andre periode i heradsstyret. Han vart vald til ordførar hausten 2015. Han er fødd i Øystese og bur på Ljones

der han har gard. Før han vart ordførar hadde han 20 mjølkekyr og over 6000 høns. Han har drevet som bonde i 26 år og har bak seg tunge verv i både Noregs Bondelag og ikkje minst ti år i styret for Tine.

### Bekymra for nytt inntektssystem

-Personleg har eg ikkje noko imot ein samanslåing med Jondal og Granvin. Vi samarbeider i dag svært godt med grannekommunane våre. Til dømes har vi mykje inter-

kommuntalt samarbeid med Jondal, som fungerer svært bra, innan til dømes IT, barnevern, PPT og så bortetter. Eg trur derfor det vil vere ei god løysing for alle parter. Men eg er djupt uroa over det foreslåtte nye inntektssystemet for kommunane. Dersom det vert vedteke slik det no føreligg, så kan mange norske kommunar tape mykje.



### - Kvam må verta større

Dagleg leiar av Hardanger Skifer, Bård Sandven, meiner at Noreg treng færre kommunar og at Kvam må verta større.

Han er busett i Kvam der og verksemda hans har kontor. Steinbrotet ligg på Sollesnes i Jondal.

- Eg meiner at den beste samanslåings - løysinga for Kvam hadde vore å gå saman med Jondal og Samnanger. Eg forstår at Samnanger ikkje vil, men eg trur no ikkje at dei kan vere åleine i all framtid. Mykje tyder på at små kommunar som nektar å slå seg saman med andre, kan verta økonomisk straffa. Utvikling er slik at vi må få færre kommunar i Noreg. Vi har ikkje lenger økonomi til å halda oss med til dømes så mange ordførarar og rådmenn. Difor bør Kvam ikkje halde fram åleine, som no. Då meiner eg at økonomien på sikt vert for utsett. Kvam har i dag 8.000 bebuare. Det er for lite, det er korkje fugl eller fisk. Eg trur utviklinga mot færre og større kommunar er heilt naudsynt. Samstundes trur eg at dette vil ta tid. Eit godt steg på vegen vil for Kvam sin del vere at Jondal og kanskje også Granvin, går saman til ein ny kommune, seier Bård Sandven.



### -Jondal og Granvin er svært velkomne til Kvam

Eg har for min del ikkje snakka med nokon i Kvam som har noko i mot at Jondal kan bli ein del av ein ny kommune med Kvam. Avtalen med Granvin har så langt ikkje vore handsama politisk, men eg trur haldninga er det same også i forhold til Granvin seier dagleg leiar for Sparebankstiftinga Hardanger, Gunnar Skeie.

Han er og politikar for Ap og har vore med på å vedta intensjonsavtalane i kommunestyret og formannskapet. Men helst hadde han sett ein anna løysing enn den med Kvam, Jondal og Granvin.

### Passar kulturelt godt saman

- Dersom ein ser på kartet så er den ikkje optimalt geografisk sett. Då skulle vi sjølvsagt ha gått saman med Samnanger og Fusa. Men slik er ikkje realitetane. Dei vil jo ikkje. Men på den andre sida så passar Kvam godt saman med både Jondal og Granvin, reint kulturelt sett. Difor er det ei god løysing nummer to for Kvam.

### Ny storkommune av Hardanger og Voss

Gunnar Skeie seier at han personleg helst hadde sett at det vart skipa ein stor ny kommune bestående av alle kommunane i Hardanger, saman med Voss. -Då hadde vi fått ein stor ny kommune som kunne hatt svært gode føresetnader for å verta ein region med vekst og nyskaping, seier han.

### -Stoler på lokalpolitikarane

-Me i Kvam ungdomsråd har ikkje diskutert kommunereforma nok til at eg kan uttala meg på vegne av rådet. Eg har derfor ikkje teke stilling i saka endå, men eg har tiltru til lokalpolitikarane våre, seier Magnus Torvik (18).

Han er leiar for Kvam Ungdomsråd og går studiespesialiserande på Øystese Gymnas. På fritida arbeider han blant anna deltid på Thon Hotel Sandven i Norheim-sund, der han også bur. Magnus seier at han har inntrykk av at engasjementet knytt til kommunereforma ikkje har vore like stort i Kvam som i andre kommunar. Dette kan ha samanheng med at uansett kva som skjer, vert endringane mindre i Kvam enn kva dei vert for ein del andre kommunar. Ungdommen i Kvam er jamnt over opne for å slå seg saman med andre kommunar.

-I tillegg har me mange fornuftige politikarar. Det er dei som må avgjera dette spørsmålet, eventuelt saman med ei folkerøysting dersom det er ynskjeleg.



# Frivillig liten kommune eller ikkje?

**For å gje tenester til innbyggjarane får kommunane overført midlar frå staten gjennom eit inntektssystem. Overføringane skal ta omsyn til om ein kommune er lett eller tungdriven, og skal jamne ut ulikskap i utgifter.**

Dette gjeld til dømes aldersfordeling, sosialøkonomiske kriterium og reiseavstand. Samstundes skal inntektssystemet delvis kompensere for skilnader i skatteinntekter. Ei slik utjamning skal bidra til at alle kommunane blir i stand til å yte likeverdig tenester som barnehage, skule, kultur, vegar, vatn, pleie og omsorg, anten du bur i ein liten eller stor kommune. Systemet skal òg ivareta regionalpolitiske målsetjingar for busetnad og næringsliv.

## Frivillig små får mindre

Det nye inntektssystemet som det no er einigheit om på Stortinget, må sjåast i samheng med kommunereforma. Fram til no har kommunane fått kompensert fullt ut ulempene ved å vera liten. I nytt inntektssystem vil ein skilje mellom frivillige og ufrivillige små kommunar. Måten differensieringa skal

skje på, er gjennom innføring av eit nytt strukturkriterium. Dette kriteriet skal fanga opp geografiske og kommunikasjonsmessige forhold som kan gjere at ein kommune er ufrivillig liten. Strukturkriteriet måler gjennomsnittleg reiseavstand for innbyggjarane før dei møter 5 000 innbyggjarar. Strukturkriteriet blir nytta til å gradere halvparten av kommunen sitt basistilskot (i dag er basistilskotet likt for alle kommunar).

Det nye inntektssystemet skal framleis ha ein god distriktsprofil noko som gjer at den økonomiske ramma til kommunane i Hardanger ikkje vil bli vesentleg lågare. Det er særleg dei små kommunane i sentrale strøk om blir straffa for å vere små. Det nye inntektssystemet vil likevel ha fleire ordningar og gulrøter for kommunar som ynskjer å slå seg samane.

## Folkerøystinga er rådgjevande

I inndelingslova § 10 står det at kommunane bør høyre innbyggjarane før dei gjer vedtak om grenseending/samanslåing. Debatten om kva for metode som er best eigna til å høyre innbyggjarane har gått høgt både i kommunane og i media. Kommunane i indre Hardanger har vald å ha folkerøysting, medan Voss og Kvam skal ha spørjeundersøking i saka om kommunesamanslåing.

Ei folkerøysting kan etter lova berre vere rådgjevande fordi innbyggjarane gjennom kommunevalet har valt sine politiske representantar som skal ta avgjersler på innbyggjarane sine vegne. Men nokre saker blir rekna som så store at ein likevel bør opna for direkte påverknad gjennom folkerøysting. Kommunesamanslåing er ein slik sak. Men kva betyr det

at ei folkerøysting berre er rådgjevande? Er det slik at politikarane står fritt til å lytta til folkemeininga? Etter lova er det faktisk slik at politikarane sjølv avgjer korleis dei vil nytta svara i ei folkerøysting, men stort sett føl politikarane rådet frå innbyggjarane. Det er ikkje uproblematisk å be om innbyggjarane sine råd, og så ikkje følgje dei. På den andre sida er det like problematiske om valoppslutninga til dømes er under 40 %, og valet blir tatt på grunnlag av mindretallet av innbyggjarane sine meiningar. Det er også ei utfordring dersom stemmene blir likt fordelt mellom dei ulike alternativa.

Dette er dilemma politikarane i dei einskilte kommunane må drøfta før dei tek ei endeleg avgjer innan 1. juli 2016.

HER SKJER  
VALA  
23. MAI

### JONDAL 23. MAI

Det blir høve til å førehandsrøysta i perioden frå 2. mai til og med 20.05 på kommunehuset.

På valdagen kan du røysta følgjande stader:

Jondal: Jondal skule	10.00–19.00
Herand: Herand kulturhus	13.00–17:00
Kysnes: Ungdomshuset på Kysnes	13.00–17.00

Dei som fyller 16 år i 2016 vil ha høve til å røysta.

Det skal røystast over tre alternativ:

1. Eg ønskjer samanslåing av Ullensvang, Odda og Jondal
2. Eg ønskjer samanslåing av Kvam og Jondal
3. Eg ønskjer at Jondal skal halde fram som eigen kommune

Sjå elles kommunen sine heimesider for nærare opplysningar.

